

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 25.11.2021, kl. 09:00-17:00
MØTESTAD: Scandic Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, kst. fagdirektør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Frode Schanke, IKT-sjef
Terje Olav Øen, beredskapssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Bent-Are Hansen, avdelingssjef/smittevernlege (video)
Anders Bjørkhaug, overlege (video)
Per Arne Flølo, avdelingssjef
Stian Sægrov, ambulansesjef
Robert Brennersted, avdelingssjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
067/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
068/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 29.10.2021
069/2021	Administrerande direktør si orientering
070/2021	Rapportering frå verksemda per oktober 2021
071/2021	Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde 2022-2023
072/2021	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
073/2021	Prehospital plan fase 3
074/2021	Handlingsplan og styringsstruktur for informasjons-sikkerheit i Helse Vest
Saker til orientering:	
075/2021	Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2021-2022
076/2021	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord hotell.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING SESONG FOR LUFTVEGSINFEKSJONAR – STATUS, UTFORDRINGAR OG PLANAR

Overlege Anders Bjørkhaug orienterte om:

Bronkiolitt – forventningar til sesongen og kva vi ventar som utfordringar

Dette er akutt nedre luftvegsinfeksjon. Vanlegast førekommande til barn under to år. Vanlegvis har nær alle ved to års alder hatt bronkiolitt.

Risikofaktorar er:

- Alder < 6 veker
- Prematuritet
- Nyfødte med respiratoriske komplikasjonar
- Kronisk lungesjukdom
- Immunsvikt
- Medfødt hjartesyjukdom med betydeleg shunt
- Alvorlege novrologisk sjukdom
- «Syndrombarn»

Kva er spesielt med 2021?

RS-sesongen har ofte ei to-delt bølge (tidleg og sein smitte). I Helse Førde har vi hatt rask auke i tal RS-smitta i slutten av oktober. Det er store svingingar, med rolege og travle vakter.

Kva plan har BUA for høgt tal av pasientar?

Vi har 4-trinns beredskapsplan basert på talet smittepasientar i avdelinga. Utfordringa er stor variasjon og raske svingingar, andre krevjande pasientar, samtidskonfliktar, lange geografiske avstandar, og smittevask.

Avdelingssjef/smittevernlege Bent-Are Hansen orienterte om:

Sesong for luftvegsinfeksjonar – status, utfordringar og planar

Prognose luftvegssesongen:

- Truleg auke i tal covid-tilfelle fram mot jul, med auke i sjukehusinnleggingar
- Risikoen for innlegging er mange gonger høgare for uvaksinerte enn for fullvaksinerte i alle aldersgrupper
- Belastninga vert forsterka av andre luftvegsinfeksjonar og sjukefråvær blant helsepersonell
- Særleg uro knytt til RSV og influensa på toppen av covid

Beredskap omhandlar diagnostikk, smittevern, personell, utstyr og rom.

Smittevern består av ei utbrotsgruppe. Det har vore nærast døgnkontinuerleg beredskap gjennom pandemien. Vi er no i gang med 3. dose til helsepersonell med pasientkontakt

Beredskap omhandlar:

- Beredskapsplanar
- Skiftarbeid mikrobiologisk avdeling
- 8. etasje – korridor står ledig som beredskap til luftvegsinfeksjonar

Potensielle utfordringar framover kan bli sjukefråvær, havari av instrument, mangel på einerom/isolat, mangel på utstyr og medikament.

Styret takka for gode orienteringar.

Sak 067/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Punkt til Eventuelt: Styremøte 24. mars 2022 vert møtekollisjon
- Nye dokument utdelt:
 - Referat frå fellesmøte mellom styret i Helse Førde HF og felles brukarutval 29.10.2021
 - E-post til styret frå ordførar Bremanger kommune, vedlagt 2 dokument
 - Eit revidert forslag (punkt 1 – 7) til vedtak frå adm. direktør

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 068/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
29.10.2021****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 29.10.2021.

Sak 069/2021 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om markering for digital patologi, med Helse Førde først i vest.

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om opninga 19. november av digital løysing i Førde, med nytt system som gir betre kvalitet, fleire moglegheiter og stor reduksjon i behov for fysiske snitt. Bilde er no tilgjengeleg via uniview i Dips. Dette er eit regionalt prosjekt, som først vart teke i bruk i Helse Førde.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona og RS – status i Helse Førde**

Adm. direktør Varden orienterte om:

Status Korona

- Rapportering Covid-19: innlagt: 0, intensiv: 0
- Smittetrend er aukande i vårt område
- Helse Førde har låg pågang no, men situasjonen er skiftande og vi må forvente at det kan oppstå rask eskalering
- Vi har starta vaksinerings med 3. dose, og har nok vaksiner til tilsette med pasientkontakt

Status RS:

3 RS barn og 2 andre pasientar er innlagt. 5 av 14 senger er opptatt.

5. MTU prioriteringar

Direktør Midtbø innleia om Medisinsk teknisk avdeling (MTA) i Helse Førde. Vi har personell ved Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus og Førde sjukehus. Totalt 11 tilsette, med ansvar for innkjøp, drift og vedlikehald av medisinsk utstyr.

Avdelingssjef Flølo orienterte om innmeldt behov for 2022-2026 er ca. 226 millionar. Helse Førde brukar PeRMit – planleggingsverktøy, og er einaste føretak i Helse Vest som brukar dette.

Tunge investeringar omfattar røntgenlabar, ultralydapparat m.m.

Alt utstyr er registrert i utstyrsdatabasen. Prosess for kartlegging og prioritering av MU-behov vart skissert.

Gjennomførte og planlagde investeringar i perioden 2018-2026:

- 2018: 23,2 mill.
- 2019: 25,7 mill.
- 2020: 57.6 mill.
- 2021: 25 mill.
- 2022: 20 mill.
- 2023: 20 mill.
- 2024: 20 mill.
- 2025: 20 mill.
- 2026: 27 mill.

I tillegg er det budsjettert nær 90 mill. i budsjettet for Nye Førde sjukehus

6. Utviklingsplanen - løypemelding

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om utviklingsplanen, som vert ein digital plan.

Vi har ein utvida frist til 1. mars 2022 til Helse Vest. Planen vert framlagt for styret i styreseminar 16. desember, med sak til styret 28. januar 2022.

Vi beheld 10 innsatsområde i planen

1. Pasientens helseteneste
2. Kvalitet og pasienttryggleik
3. Oppgåvedeling og samhandling
4. Organisering og leiing
5. Bemanning og kompetanse
6. Forsking og innovasjon
7. Økonomi
8. Teknologi og digitalisering
9. Bygg
10. Samfunnsansvar

7. Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus

Stadleg leiar Holvik orienterte om Nordfjord sjukehus – vidare utvikling av spesialisthelsetenestetilbodet i Nordfjord. Det er 10 år sidan vi hadde utviklingsprosjektet.

Prosjektet no vert to-delt, vi ser på status for «Framtidas lokalsjukehus – Nordfjord sjukehus» og ei vidare utvikling av tilbodet ved Nordfjord sjukehus.

Det er avtalt møte med Stad kommune 13. desember.

Styret kommenterte at det er bra at ein fortset dette utviklingsarbeidet.

8. Psykisk helsevern - status

Direktør Tvedt orienterte om psykisk helsevern barn og unge

- Viser auke frå oktober 2020
- Det er færre avvisingar i oktober
- November viser 63 tilvisingar (var høgare i november 20)
- Ventetid viser 29 i november, er positiv utvikling

Direktør Tvedt sa at prioritering er sentralt. Rekrutteringsstrategi vert sak til styret i januar 2022. Vi må sjå på rekruttering til psykisk helsevern med psykologar, overlegar og LIS-legar.

9. Søknad universitetscampus – Sunnfjord kommune, Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om søknad til universitetscampus. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Sunnfjord kommune, Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Søknad om utviklingstilskot er sendt til Kommunal- og utviklingsdepartementet.

Kompetanse som vi treng i framtida:

- E-helse og velferdsteknologi
- Senter for barn og unge med store helseutfordringar (energiserter)
- Trong for meir lokale til simulering og undervisning
- Helse- og teknologiklynge
- Kliniske feedbacksystem
- Vestlandslegen
- Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester
- Fagskulen og helse og sosial

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 070/2021 Rapportering frå verksemda per oktober 2021

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Ventetider: Gjennomsnittleg ventetid for pasientar som har starta helsehjelp, er siste månaden nærast uendra for somatikk, medan det er noko reduksjon for PHV for vaksne. Det er som venta tydeleg reduksjon knytt til psykisk helsevern for barn og unge, noko som reflekterer effekt av iversette tiltak og reduksjon i talet på tilvisingar i juli-september. Ventetid held seg låg for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)
- Fristbrot held seg stabilt på eit låg nivå, og bølga med fristbrot innan urologi har avtatt
- Rapportering jfr årshjulet:
Bruk av breispektra antibiotika viser føreskrive 15 prosent mindre breispektra antibiotika samanlikna med 2012
Tal korridorpasientar er for det meste mellom 0,6-0,8 prosent
- Aktivitet innanfor somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept viser 3,3 prosent
- Aktivitet innanfor psykisk helsevern for vaksne var lågare enn plan for poliklinikk. For born og unge var aktiviteten betre både i forhold til døgn og poliklinikk. Tverrfagleg spesialisert rusbehandling hadde lågare aktivitet enn plan både for døgn og poliklinikk
- Resultatet i perioden er negativt med 1,0 million, som er 3,8 millionar bak budsjett
- Resultatet hittil er 17,5 millionar, som er 10,9 millionar bak budsjett
- AD held fast på prognosen som er eit resultat på 20 millionar, som er 14 millionar bak budsjett
- Sjukefråværet i september var 6,9 prosent

Kst. fagdirektør Kjørskog orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser nærast uendra for somatikk, medan det er noko reduksjon for PHV for vaksne. Det er venta tydeleg reduksjon knytt til psykisk helsevern for barn og unge.
- Fristbrot oppstått i perioden viser 75 nye i oktober, tilsvarande 2,8%
- Bruk av breispektra antibiotika, har mål om 30% reduksjon samanlikna med 2012
- Andre tertial 2021 viser at det er føreskrive 15% mindre breispektra antibiotika samanlikna med 2012. Målet er 30% reduksjon samanlikna med 2012
- Korridorpasientar viser for det meste mellom 0,6-0,8%

Økonomidirektør Hellestøl orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Budsjettet følgjer oppsett plan. Vi får endeleg ramme frå Helse Vest etter styremøte 8. desember.

Overordna pasientflyt per oktober viser auka henvisning

Nytilviste 6 521	Totalkøp 46 959	Avslutta 5 512
------------------	-----------------	----------------

Aktivitet i somatikk var noko under budsjett

Aktivitet i psykisk helsevern vaksne døgn viser god aktivitet.

Resultat i perioden er negativt med 1 million, som er 3,8 millionar bak budsjett.
Resultatet hittil er 17,5 millionar, som er 10,9 millionar bak budsjett

Område med meirforbruk er spesielt H-resept, medisinsk heimebeholding og personalkostnader.

Styret takka for god gjennomgang og gode vurderingar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2021 til vitende.

Sak 071/2021 Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde 2022-2023**Oppsummering:**

Styret i Helse Førde vert invitert til å vedta revisjonsplan for Helse Førde 2022-2023, og å gje innspel til revisjonsplanen for Helse Vest i same periode. Målet er at dei to planane skal utfylle kvarandre, og at revisjonsprosjekta skal gje læringspunkt til utvikling av føretaka.

Utkast til revisjonsplan for Helse Førde inneheld åtte revisjonar:

- 1) Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
- 2) Legemiddelhandtering og tilverking av legemidlar
- 3) Informasjonssikkerheit
- 4) Dokumentasjon pasientjournal
- 5) Miljøstyringssystemet
- 6) Avvikling tentative timar
- 7) Kvalitetsstyringssystemet
- 8) Svikt i IKT-tenestene i sjukehus og beredskapsplan for handtering av dette

Adm. direktør Varden orienterte om plan for internrevisjonar, der vi har føreslått to område til vurderast som regionale revisjonsprosjekt.

Styret kommenterte at i det vidare planarbeidet kan det vere tenleg å sjå identifiserte risikoområde og internrevisjon i samanheng.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon for Helse Førde 2022-2023, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.
2. Styret ber om at administrerande direktør overfor Helse Vest stadfestar saka som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2022-2023, med dei kommentarar som har kome fram i møtet

Sak 072/2021 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det har frå 2016 vore ei fast styresak «Årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF». Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styrande dokument for styret i Helse Førde HF omfattar:

- Vedtekter for Helse Førde HF
- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF
- Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Dokumenta som er endra sidan førre årlege gjennomgang er:

- Vedtekter
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur (etter innføring av LIBRA)

Styreleiar Landstad orienterte om at styret vil fortsette tidlegare praksis med gjennomgang av enkelte styrande dokument i styreseminar.

Vedtak (samrøystes):

Styret er kjend med og tek til vitende følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 25.06.2020
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert 2021
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Sak 073/2021 Prehospital plan fase 3

Oppsummering:

Saka handlar om organiseringa av dei prehospitala tenestene i tre ulike område:

- Dalsfjorden/Ytre Sogn
- Ytre Bremanger
- Nordfjord

Helse Førde har arbeidd med prehospital plan sidan 2017, og har vore inndelt i tre fasar:

- Fase 1 (haust 2017): Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premisser og rammevilkår. Forankring/høyring
- Fase 2 (haust 2018 - haust 2019). Detaljering modellar
- Fase 3 (vår 2020 - vår 2023, 18-36 mnd.): Implementering av vald modell

Styret vedtok planen 24. januar 2020, og bad om ytterlegare utgreiingar for tre område som skulle gjennomførast i fase 3:

- Endringane som gjeld døgnbilen i Lavik skal utgreiast vidare, og det skal vurderast alternative modellar. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
- Administrerande direktør får i oppdrag å arbeide vidare med omgjerung av døgnbil i Ytre Bremanger til einmannsbetent ambulanseresurs, alternativt redusere til ein ambulanse i Bremanger kommune. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
- Det blir gjennomført ei vurdering av kva for konsekvensar det vil ha for dei prehospitala tenestene at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune og ikkje lenger er Helse Førde sitt ansvarsområde. Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.

Proessen med å greie ut fase 3 er gjennomført i prosjektet «Prehospital plan i Helse Førde», og har vore leia av direktør for Kirurgisk klinikk. Prosjektet har hatt tre ulike arbeidsgrupper for å gjennomføre utgreiingane. Alle gruppene har hatt representantar frå kommunar, tillitsvalde, verneteneste og arbeidsgjevarside i Helse Førde. I tillegg har brukarrepresentantar delteke i prosjektgruppa og arbeidsgruppene for Lavik og Ytre Bremanger.

Tilrådingar sendt ut på høyring:

- Lavik: Det blir føreslått å behalde ambulansestasjonen i Lavik, men redusere ein av dei to døgnbilane i Fjaler til ein dagbil. Bruk av nye ambulansebåtar i Solund og Florø frå mai 2022, beredskapsbil i Askvoll og flåtestyring er tiltak for å redusere auke i samtidskonfliktar og responstid.
- Ytre Bremanger: Det har ikkje lukkast å kome fram til ei god løysing for einmannsbetent ambulanseressurs. Tilrådingar er at Ytre Bremanger i framtida skal dekkast av båt bemanna med helsepersonell i Florø og ambulanse frå Svelgen.
- Hornindal/Volda: Samanslåing av dei to kommunane betyr at Hornindal skal dekkast av Helse Møre og Romsdal. Omfanget av oppdrag i Hornindal er så lite at det ikkje gir grunnlag for reduksjon av ambulansetilbodet i Nordfjord. Planforslaget frå fase 2 blir oppretthalde.

Høyringsprosessen:

Styret vedtok 1. september 2021 å sende høyringsdokumentet ut på høyring. Frist for tilbakemelding vart justert til 8. oktober 2021. Vi har motteke om lag 40 innspel.

Utgreiinga som ligg til grunn i fase 3, er følgde opp av vurderingar av risiko og tiltak. Adm. direktør sin konklusjon er at innbyggjarane vil få ei kvalitativ god teneste når den eine døgnbilen i Fjaler blir gjort om til dagbil, og Ytre Bremanger frå ambulansebåt i Florø og ambulansebil i Svelgen som primærressurs.

Nye dokument framlagt i møte var:

- e-post til styret frå ordførar Bremanger kommune, med 2 vedlegg
- Eit revidert forslag (punkt 1 – 7) til vedtak frå adm. direktør

Framlegg til vedtak:

Styret viser til bestilling gitt til administrerande direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:

1. Ambulansestasjonen i Lavik blir oppretthalden, og den eine døgnbilen i Fjaler vert gjort om til dagbil. Endringa skal gjennomførast i dialog med kommunane.
2. Dei primære ressursane for å dekke behovet for prehospital tenester i Ytre Bremanger skal vere ambulansebåt frå Florø og ambulansebil frå Svelgen. Endringa skal gjennomførast i dialog med Bremanger kommune.
3. Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansebåtane er i drift.
4. Administrerande direktør skal gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, dei første to åra etter endringa. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i

risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, og administrerande direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga.

5. Samanslåinga av Hornindal og Volda får ingen konsekvensar for dei prehospitale tenestene i Nordfjord, og forslaget som låg til grunn etter fase 2 for prehospital plan kan gjennomførast.

Revidert forslag til vedtak frå administrerande direktør framlagt i møte:

Styret viser til bestilling gitt til administrerande direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:

1. Ambulansestasjonen i Lavik blir oppretthalden. Den eine døgnbilen i Fjaler vert gjort om til dagbil. Endringa skal gjennomførast i dialog med kommunane.

Endringa inneber m.a:

- Spesialbygd hurtiggåande katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil
 - Ein døgnbil og ein dagbil stasjonert i Dale
 - Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.
 - Beredskapsbil i Askvoll, på Atløy og Værlandet
 - Bruk av beredskapsferje ved behov frå Askvoll til Atløy.
 - Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.
 - Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpasningar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å omgjere dagbil i Dale til døgnbil, vurdere å auke beredskap ambulansesbåt frå to til tre båtar.
2. Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med kommunane Høyanger, Fjaler, Hyllestad og Askvoll og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunane.
 3. Dei primære ressursane for å dekke behovet for prehospitale tenester i Ytre Bremanger skal vere ambulansesbåt frå Florø og ambulansebil frå Svelgen. Endringa skal gjennomførast i dialog med Bremanger kommune.

Endringa inneber m.a:

- Spesialbygd hurtiggåande katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil
- Beredskapsbil i området Kalvåg/Smørhamn og beredskapsbil i området Leirgulen/Rugsund
- Døgnbemanna ambulansebil i Svelgen, og der vaktskiftet som hovudregel skal skje i Svelgen (ikkje Florø)
- Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.
- Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.

- Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpassingar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å bemanne beredskapsbil i Ytre Bremanger, vurdere å flåtestyre ambulanse til Ytre Bremanger, vurdere å auke beredskap ambulansebåt frå to til tre båtar, vurdere å midlertidig flytte ambulansebåt frå Florø til Bremanger
 - Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med Bremanger kommune og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunen.
4. Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansebåtane er i drift.
 5. Administrerande direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med kommunane. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, med særleg vekt på responstid og tilpassingar i uvér, og administrerande direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga. Evalueringane skal leggest fram for styret.
 6. Samanslåinga av Hornindal og Volda får ingen konsekvensar for dei prehospitala tenestene i Nordfjord. Forslaget som låg til grunn etter fase 2 for prehospital plan kan gjennomførast.
 7. Administrerande direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.

Styremedlem Sandal fremma nytt punkt 3:

Døgnambulansen i Ytre Bremanger blir oppretthalden.

Styremedlem Espeland fremma nytt punkt 4:

Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansebåtane har vore i drift i 6 månader. Deretter ei evaluering som vert lagt fram for styret som grunnlag for eit endeleg vedtak.

Adm. direktør trekte sitt punkt 4.

Styremedlem Krakhellen fremma ny formulering i punkt 4:

Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansebåtane er i full operativ drift.

Votering:

Det vart røysta over punkta enkeltvis.

Punkt 1: Revidert forslag frå adm. direktør vart samrøystes vedteke.

Styremedlem Aven la fram stemmeforklaring til punkt 1.

Punkt 2: Revidert forslag frå adm. direktør vart samrøystes vedteke.

Punkt 3:

Revidert forslag frå adm. direktør fekk 9 røyster (Landstad, Faugstad, Krakhellen, Espeland, Eriksen, Thorsnes, Aven, Kapstad og Sunde Kvile), og vart dermed vedteke.

Nytt forslag punkt 3 frå styremedlem Sandal fekk 2 røyster (Sandal og Vingen Vedeld).

Punkt 4:

Nytt forslag punkt 4 frå styremedlem Krakhellen fekk 8 røystes (Landstad, Faugstad, Krakhellen, Eriksen, Thorsnes, Aven, Kapstad og Sunde Kvile), og vart dermed vedteke.

Nytt forslag punkt 4 frå styremedlem Espeland fekk 3 røyster (Espeland, Sandal og Vingen Vedeld).

Punkt 5: Revidert forslag frå adm. direktør vart samrøystes vedteke.

Punkt 6: Revidert forslag frå adm. direktør vart samrøystes vedteke.

Punkt 7: Revidert forslag frå adm. direktør vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Styret viser til bestilling gitt til administrerende direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:

1. Ambulansestasjonen i Lavik blir oppretthalden. Den eine døgnbilen i Fjaler vert gjort om til dagbil. Endringa skal gjennomførast i dialog med kommunane.

Endringa inneber m.a:

- Spesialbygd hurtiggåande katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil
- Ein døgnbil og ein dagbil stasjonert i Dale
- Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.
- Beredskapsbil i Askvoll, på Atløy og Værlandet
- Bruk av beredskapsferje ved behov frå Askvoll til Atløy.
- Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.
- Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpasningar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å omgjere dagbil i Dale til døgnbil, vurdere å auke beredskap ambulansesbåt frå to til tre båtar.

2. Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med kommunane Høyanger, Fjaler, Hyllestad og Askvoll og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunane.
3. Dei primære ressursane for å dekke behovet for prehospitale tenester i Ytre Bremanger skal vere ambulansébåt frå Florø og ambulansebil frå Svelgen. Endringa skal gjennomførast i dialog med Bremanger kommune.

Endringa inneber m.a:

- Spesialbygd hurtiggående katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil
 - Beredskapsbil i området Kalvåg/Smørhamn og beredskapsbil i området Leirgulen/Rugsund
 - Døgnbemanna ambulansebil i Svelgen, og der vaktskiftet som hovudregel skal skje i Svelgen (ikkje Florø)
 - Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.
 - Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.
 - Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpassingar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å bemanne beredskapsbil i Ytre Bremanger, vurdere å flåtestyre ambulansetil Ytre Bremanger, vurdere å auke beredskap ambulansébåt frå to til tre båtar, vurdere å midlertidig flytte ambulansébåt frå Florø til Bremanger
 - Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med Bremanger kommune og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunen.
4. Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansébåtane er i full operativ drift.
 5. Administrerande direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med kommunane. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, med særleg vekt på responstid og tilpassingar i uvér, og administrerande direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga. Evalueringane skal leggast fram for styret.
 6. Samanslåinga av Hornindal og Volda får ingen konsekvensar for dei prehospitale tenestene i Nordfjord. Forslaget som låg til grunn etter fase 2 for prehospital plan kan gjennomførast.
 7. Administrerande direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.

Stemmeforklaring, punkt 1:

Mitt primære standpunkt er at ambulansestasjonen i Lavik vert oppretthalden med 1 døgnbil, og at stasjonen i Fjaler framleis skal ha 2 døgnbilar. Eg stemmer likevel for framlegget som er lagt fram av administrasjonen, og om evalueringa viser ei negativ utvikling må det vere rom for å gjere justeringar og endring av vedtaket.

Randi Aven, styremedlem

Sak 074/2021 Handlingsplan og styringsstruktur for informasjonssikkerheit i Helse Vest

Oppsummering:

Helse Vest RHF har bedt om at styra i kvart helseføretak i Helse Vest godkjenner regional handlingsplan for informasjonssikkerheit og gjev tilslutnad til styringsstruktur for informasjonssikkerheit i Helse Vest. Desse styresakene er handsama av styret for Helse Vest RHF i møte 30.09.2021

IKT-sjef Schanke orienterte om regional handlingsplan for informasjonssikkerheit:

- 1) Roller, ansvar og oppgåver*
- 2) Oversikt, rapportering og oppfølging*
- 3) Kultur og kompetanse innanfor informasjonssikkerheit*
- 4) Informasjonssikkerheit i anskaffing og utvikling*
- 5) Applikasjonar, infrastruktur og teknisk sikkerheit*

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner regional handlingsplan for informasjonssikkerheit i Helse Vest i tråd med vedtak og føringar gjeve av Helse Vest RHF.
2. Styret sluttar seg til overordna styringsstruktur for informasjonssikkerhet i Helse Vest slik dette kjem fram i vedtak gjort av styret i Helse Vest RHF i sak 085/21 i møte 30.09.2021.

Saker til orientering:

Sak 075/2021 Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2021-2022

Oppsummering:

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet er i stor grad knytt til handtering av ein pågåande pandemi. Dette har prega heile organisasjon. Sjølv om ein no har opna opp samfunnet, er det framleis trong for auka beredskapsinnsats for pandemihandteringa. Nye føringar frå sentrale styremakter stiller krav til både det regionale helseføretaket (RHF), helseføretaka (HF) og kommunane si yteevne, no også sett i lys av ein litt spesiell influensasesong med forventa høge tal på RS-virusinfeksjon hjå barn.

Det er godt samarbeid i helseregionen og ikkje minst med kommunesektoren.

Planverk og beredskapssystem vert revidert ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og andre endringsbehov i organisasjonen og samarbeidande etatar. Evalueringsarbeidet er omfattande, og vi ventar at dette vert krevjande.

Beredskapssjef Øen orienterte om beredskapsarbeid og handlingsplan.

Styret takka for god og oversiktleg rapportering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitende.

Sak 076/2021 Eventuelt

Styremøte 24. mars 2022 vert møtekollisjon, fordi Helse Vest har flytta styreseminar til denne datoen. Ny dato for styremøte i Helse Førde HF vert: 18. mars 2022 (alt. 21. mars)

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet:

- Referat frå fellesmøte mellom styret i Helse Førde HF og felles brukarutval 29.10.2021
- E-post frå ordførar i Bremanger kommune, med 2 dokument
- Revidert framlegg frå adm. direktør til sak 073/2021 Prehospital plan fase 3

Ref. Berit Irene Haarklau
25.11.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem